



# Vang kommune

**ArkivSakID:** 18/88  
**JournalpostID:** 21/7457  
**ArkivID:** K2-K44  
**Saksbehandlar:** Bjørnar  
Sæthershagen

## Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
079/21	Hovudutval for utvikling	05.10.2021

Forskrift om hundehald, Vang kommune, Innlandet

### Vedlegg:

29.09.2021      Forslag til lokal forskrift      177882

### Saksopplysningar:

Hundehald vert regulert av fleire lovar, men der lov om hundehold (hundeloven) er den sentrale. I hundeloven vert det opna for at kommunane kan laga utfyllande lokale forskrifter om hundehald, jamfør lov 2003-07-04-74 (hundeloven) §§ 6, 9, 11 og 12.

Vang kommune utarbeidde kommunal forskrift om hundehald i 2018. I januar 2020 kom det melding til kommunen om at fleire kommunale forskrifter om hundehald (i gamle Oppland) inneheld bestemmelsar som ikkje har heimel i hundeloven. Det gjeld særleg bestemmelsane om bandtvang i skiløyper. Statsforvalteren (dåverande fylkesmannen) utdjuar:

*«Departementet forutsetter dessuten at bokstav c først og fremst bør komme til anvendelse hvis det lokalt skulle være et problem at hundeholderne ikke tar slike hensyn som de øvrige reglene i lovutkastet her forutsetter at skal tas», jf. Ot.prp. nr. 48 (2002-2003) s. 79. Denne hjemmelen forutsettes derfor brukt med en viss forsiktighet, og forarbeidenes retningslinjer tilsier at det bør ligge et særskilt og reelt behov til grunn for kommunale forskrifter om båndtvang under henvisning til bokstav c, jf. også tredje ledd første punktum, som direkte oppstiller en generell retningslinje om at det må foreligge reelle behov for båndtvangsregler for å innføre lokale båndtvangsbestemmelser».*

Kommunen har gjennomgått lokal forskrift og utarbeidd eit nytt forslag til kommunal forskrift om hundehald i Vang kommune. I nytt forslag til kommunal forskrift er bestemmelsen om bandtvang i skiløyper foreslege endra. For at kommunen kan syne til eit «særskilt og reelt behov» har kommunen sendt nytt forslag til uttale til løypeforeningar i kommunen. Desse var:

- Grindafjell løypelag
- Fjellblom il
- Tyin-Filefjell turløyper
- Beitostølen løypeforening

Frist for innspel vart sett den 06.09.2021. Kommunen har ikkje motteke innspel.

Den 02.09.2021 har kommunen motteke høyringsbrev frå Landbruks- og matdepartementet om

forslag til endring i lov om hundehold (hundeloven). Endringane førar forhåpentleg ikkje til vesentlege endringar i kommunens heimelsgrunnlag i lokal forskrift. Etter samtale med statsforvalteren er kommunen råda til å gå vidare med endring av lokal forskrift.

Forskrifta vil eventuelt bli sendt på høyring etter fyrstegongs politiske behandling jamfør forvaltningsloven § 37. Utan vesentlege endringar etter høyring, vil forskrifta bli sendt til kommunestyret og vedteke, før ho eventuelt trer i kraft. Forslag til ny lokal forskrift ligg vedlagt, link til eksisterande lokal forskrift om hald av og bandtvang for hund, Vang kommune, Oppland: <https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2018-03-22-661?q=bandtvang%20vang%20kommune>

### **Vurdering:**

Formålet med ny lokal forskrift er ei forenkling av dagens forskrift, samt ein oppdatert versjon som er i henhold til hundeloven. Denne forskrifta vil erstatte eksisterande forskrift. Normal frist for lokale forskrifter er om lag åtte veker (to månedar). Sidan den påpeika mangelen i forskrifta om individualisering av skiløyper vil gjelde for vintersesongen, ser administrasjonen det som naudsynt å sette frist for høyring på seks veker. Etter gjennomgang av «Forskrift om hald av og bandtvang for hund, Vang kommune, Oppland» av 22. mars 2018 nr. 661 har administrasjonen gjort vurderingar til følgjande paragrafar:

Dagens § 1:

#### **«§ 1.Føremål**

*Føremålet med denne forskrifta er å bidra til å fremja eit ansvarleg hundehald som ivaretek omsynet til tryggleik og alminneleg ro og orden. Forskrifta skal vidare bidra til å førebyggja konflikhtar mellom hundeeigar og ålmenta, hindra skremmande åtferd frå hund og hindra at hundar utan kontroll jagar bufe på beite.*

*I tillegg skal forskrifta gje kommunen betre rettsgrunnlag for å motverke problematisk hundehald»*

Føremålet med forskrifta blir omtala i § 1. Administrasjonen meiner føremålet stemmer overeins med forskrifens bestemmelsar, men ein kan stille spørsmål om lokal forskrift § 1 andre ledd er naudsynt. Forskriftar og lovar har som meining å gi alle eit betre rettsgrunnlag.

Forslag til endring:

#### **«§ 1. Føremål**

*Føremålet med denne forskrifta er å bidra til å fremja eit ansvarleg hundehald som ivaretek omsynet til tryggleik og alminneleg ro og orden. Forskrifta skal vidare bidra til å førebyggja konflikhtar mellom hundeeigar og ålmenta, hindra skremmande åtferd frå hund og hindra at hundar jagar eller skadar bufe på beite.»*

Dagens § 2:

#### **«§ 2.Verkeområde**

*Forskrifta gjeld for heile Vang kommune og for alle som bur og oppheld seg i kommunen.»*

Den geografiske utstrekning den lokale forskrifta skal gjelde er omtala i §2. Forskrifta begrenser seg kun til Vang kommune og vil ikkje gå ut over kommunen sitt forvaltningsområde. Ein kan stille spørsmål ved formuleringa «for alle som bur og oppheld seg i kommunen.». Det er etter administrasjonen sin vurdering ikkje naudsynt med ein presisering av personar forskrifta gjeld for. Det er etter administrasjonen sin vurdering allereie omtala i den geografiske utstrekninga og ein kan fjeme

«og for alle som bur og oppheld seg i kommunen.» Det er samstundes unntak frå bandtvangsbestemmelsane i hundeloven der forskrifta ikkje nødvendigvis gjeld alle om ein har unntak som til dømes er heimla direkte i lov. Som ein forenkling av denne paragrafen vil ein foreslå å beskrive verkeområde med berre geografisk utstrekning.

Forslag til endring:

**«§ 2. Verkeområde**

Forskrifta gjeld for heile Vang kommune.»

Dagens § 3:

**«§ 3. Sikring av hund ved bandtvang**

*Heimla i § 6 i hundelova.*

*Bandtvang vert definert som hundehaldar si plikt til å halda hund i band, eller forsvarleg inngjerda eller innestengt.*

*Det er bandtvang*

- a. i tilknytning til bustadområde og handleområde*
- b. på kyrkjegardar*
- c. på område for skular og barnehagar. Her kan ein berre ta med hund etter avtale med den ansvarlege*
- d. på anlegg for leik, idrett og offentlege badeplassar når desse er i bruk av andre*
- e. i alle maskinpreparerte skiløyper i kommunen. Vert hund medteken, skal den ikkje vera til hinder for andre*
- f. i heile kommunen når snøforholda tilseier at det er nødvendig.*

*I heile kommunen er det i tillegg til den ordinære bandtvangstida, f.o.m. 1. april t.o.m. 20. august, utvida bandtvang når bufe går ute, nærare bestemt f.o.m. 21. august t.o.m. 31. oktober.»*

b) Denne bestemmelsen er henta frå Hundelova §6 bokstav b (gravplasser). Gravplassar og kyrkjegardar er to ulike begrep, men med tilnærma lik betydning. Etter administrasjonen sin vurdering er gravplass ein kyrkjegard eller eit område avsatt til å begrave avdøde mennesker som ligg «ved» eller «omkring» ei kyrkje. Kyrkjegard er eit gjerdeavgrensa område rundt kyrkja eller eigendomen som kyrkja kviler på. Administrasjonen er kjent med ein kyrkjegard i Vang som har ein adskilt gravplass/gravlund. Dette er ein avstand på ca 40 meter. Ein kan sjå at bestemmelsen i lokal forskrift gjer det litt uklart dersom ein har ein ulik oppfatning av kva desse begrepa er.

Ot.prp.nr.48 (2002-2003):

«Bokstav b gir kommunen adgang til å fastsette båndtvang i parker og på kirkegårder, gravlunder og urnelunder...

(....)

Båndtvang på kirkegårder, gravlunder og urnelunder kan også innføres av kommunens kirkelige fellesråd, jf kirkeloven 7. juni 1996 nr. 31 §§ 5 første ledd og 12, med hjemmel i kirkegårdsloven 7. juni 1996 nr. 32 § 21. Overtredelse av slike vedtekter kan ikke sanksjoneres etter hundeloven.»

Administrasjonen meiner lokal forskrift er i tråd med nasjonal lov og 40 meter er såpass nære kyrkja at ein kan rekne det som «ved» kyrkja, men ser at ein kan inkludere gravlunder for å fjerne

eventuelle missforståelsar.

d) Administrasjonen ser at ein kan utviden denne bestemmelsen til å gjelde også sport og rekreasjonsområde jamfør hundeloven § 6 fyrste ledd bokstav b. Vang kommune har fleire mindre områder som tidvis blir nytta til sport og rekreasjon, men som ikkje framstår som eit anlegg. Døme på dette er den offentlege badstua i sentrum som ligg ved Vangsmjøsa. Dette området er også mykje brukt som badeplass, men har ikkje stor tilrettelegging eller skilting som får dette til å framstå som eit anlegg. «offentlege badeplassar» kan då heller nyttast som døme på område, samt andre områder nytta for blant anna leik og rekreasjon. Samstundes er det ikkje absolutt bandtvang uavhengig av kor mange som oppheld seg der. Forskrifta seier at ein kan ha laus hund om det ikkje er nokre andre som nyttar området.

e) Denne bestemmelsen er henta frå hundelova § 6 andre ledd bokstav c. Bestemmelsen gir ikkje eit påbud om å halde hunden i band. Den er dermed mildare enn nasjonal lov tilseier. Ein må nytte band dersom hund er eit hinder for andre. Om ein hund ikkje hindrer andre vil ein ikkje trenge band. Her ser kommunen at det kan oppstå eit spørsmål om kva som er rekna som hindring, men ein såpass enkel vurdering meiner administrasjonen kvar hundehaldar bør vare i stand til å ta sjølv. Døme på hindrande oppførsel er blant anna beskreve i hundeloven § 4 tredje ledd fyrste punktum. Statsforvaltaren visar til lovkommentarene til hundeloven § 6:

«Departementet forutsetter dessuten at bokstav c først og fremst bør komme til anvendelse hvis det «lokalt skulle være et problem at hundeholderne ikke tar slike hensyn som de øvrige reglene i lovutkastet her forutsetter at skal tas», jf. Ot.prp. nr. 48 (2002-2003) s. 79. Denne hjemmelen forutsettes derfor brukt med en viss forsiktighet, og forarbeidenes retningslinjer tilsier at det bør ligge et særskilt og reelt behov til grunn for kommunale forskrifter om båndtvang under henvisning til bokstav c, jf. også tredje ledd første punktum, som direkte oppstiller en generell retningslinje om at det må foreligge reelle behov for båndtvangsregler for å innføre lokale båndtvangsbestemmelser».

Administrasjonen er i dag ikkje kjent med eit «særskilt» og «reelt behov» for bandtvang på gitte løypestrekningar i kommunen.

I brev frå Fylkesmannen dat 30.01.2020 visar dei til lovkommentarene til hundeloven § 6: «Det er i prinsippet ikke noe i veien for at det blir innført båndtvang på alle kommunens merkede skiløyper e.l., men i så fall må alle løypene individualiseres. Forutsetningen bak regelen er imidlertid at behovet for båndtvang skal vurderes reelt for hver enkelt strekning, og ikke for hele løypenettet e.l. over ett.»

Maskinpreparerte skiløyper i kommunen er etter administrasjonen sin vurdering eit relativt presist område. Er det nytta snøskuter, beltebil eller annan maskin med sporkall eller anna utstyr med den hensikt å leggje til rette for skiløyper, er det ein enkel regel å forhalde seg til. Dette gir også ein fleksibilitet om det skulle oppstå fleire skiløyper i kommunen. Det er derimot ikkje ein individualisering av skiløypene og ein ser heile løypenettet under eit. Det er derfor i strid med hundeloven § 6. I ein potensiell høyring, må ein derfor be om innspel på aktuelle løyper der ein kan syne til eit særleg og reelt behov, elles vil ein ikkje ha heimel til å innføre bandtvang i skiløyper.

f) Denne bestemmelsen er henta frå hundeloven § 6 andre ledd bokstav f. Administrasjonen kan sjå at «når snøforholda tilseier at det er nødvendig» er ein bestemmelse som opnar for tolkning og ikkje beskriv hensikten med å ivareta viltet. Ein vil derimot kunne syne til lov om jakt av vilt (viltloven) § 19. Denne bestemmelsen seier at ein ikkje skal utøve jakt på ein slik måte at viltet ikkje blir utsett for unødig lidelse. I ein situasjon der hund opptek jakt på vilt vil ein stresse viltet. Om ein ikkje har som hensikt å felle viltet under lovleg jakt, vil ein unødig stresse eit dyr og dermed påføre unødig lidelse.

Område er ikkje beskreve anna enn der snøforholda tilseier det. Dette er ikkje ordrett etter hundeloven §6 tredje ledd. Kommunen har fleire viltartar av nasjonal forvaltningsinteresse spredt rundt omkring. Kommunen har ikkje ein kommunedelplan for naturmangfald som potensielt kan synleggjere viktige områder for vilt, men har dette på planstrategien for 2021-2022. Administrasjonen er av den oppfatning at kommunen ynskjer å bevare alle «ikkje-svartelista» viltartar. Fleire viltartar nyttar eit stort område. Skal ein vurdere områder basert på dagens kunnskap, vil ein kunne komme fram til at store delar av kommunen er «freda» for laushund når til dømes snøforholda tilseier det. Dagens kunnskap om leveområde til alle viltartane er mangelfull og ein bør nytte føre-var prinsippet jf. Naturmangfoldloven §9. Ein vil derfor kunne nytte «ekstraordinære forhold», slik som er nytta i hundeloven med ein utdjupande setning som syner til døme på forhold, til dømes store snømengder, der ein under ekstraordinære forhold kan spesifisere områder. Ot.prp.nr.48 (2002-2003):

«Bokstav f opprettholder viltlovens regel om ekstraordinær båndtvang av hensyn til viltet og tar særleg sikte på situasjoner med mye løssnø.

(....)

Adgangen til å unnlate høring etter forvaltningsloven § 37 fjerde ledd vil neppe være aktuell for annet enn ekstraordinær båndtvang etter bokstav f.»

Forslag til endring:

### **«§ 3. Sikring av hund ved bandtvang**

*Heimla i § 6 i hundelova.*

*Bandtvang vert definert som hundehaldar si plikt til å halda hund i band, eller forsvarleg inngjerda eller innestengt.*

*Det er bandtvang*

- a. *i tilknytning til bustadområde og handeområde*
- b. *på kyrkjegardar og gravlundar*
- c. *på område for skular og barnehagar. Her kan ein berre ta med hund etter avtale med den ansvarlege*
- d. *på anlegg for leik, idrett, sport og rekreasjon når desse er i bruk av andre. Til dømes leikeplassar, aktivitetsparkar og offentlege badeplassar*
- e. *under ekstraordinære forhold, herunder forhold som gjer bandtvang naudsynt for å beskytte vilt, til dømes krevjande snøforhold.*

*I heile kommunen er det i tillegg til den ordinære bandtvangstida, f.o.m. 1. april t.o.m. 20. august, utvida bandtvang når bufe går ute, nærare bestemt f.o.m. 21. august t.o.m. 31. oktober.»*

Dagens § 4:

### **«§ 4.Særleg sikring av hund der tamrein beiter»**

*Delar av Vang kommune er beiteområde for tamrein. I område der tamrein beiter, skal hundehaldaren sjå til at hunden ikkje unødige uroar eller skremmer rein sjølv om hunden er under kontroll eller er bunden.»*

Vang kommune er ein av sør-Noregs største tamreinkommuner. Det er derfor av interesse for kommunen å kunne presisere loven rundt hundehald i samband med tamreinnæringa i lokal forskrift om hundehald. Administrasjonen ser derimot ikkje i hundelova §7 at ein har moglegheit til ha med denne bestemmelsen i lokal forskrift. Ein er meir tent med ein eventuell henvisning til nasjonal lov. Lokal forskrift er i praksis ein gjentakning av hundelova §7 fram til første punktum og administrasjonen vurderer at lokal forskrift i dag er i tråd med nasjonal lov slik han står, men ikkje naudsynt og kan fjernast.

Dagens § 5:

**«§ 5. Unntak**

*Reglane i § 3 i denne forskrifta gjeld ikkje for:*

- a. hundar som vert nytta i reindrifta og dresserte gjetarhundar under gjeting og sanking av bufe på beite*
- b. ettersøkshundar, politihundar, militærhundar og redningstenesta sine hundar i arbeid/teneste*
- c. jakthundar som frå 21. august vert nytta under lovleg jakt, jaktprøvar og vilttaksering, og vert fylgd på forsvarleg måte av eigar eller brukar.*
- d. Jakthundar, gjetarhundar og ettersøkshundar som frå 21. august under lovleg trening vert fylgd på forsvarleg måte av eigar eller brukar.*

*Punkt c) og d) føreset samtykke frå grunneigar/rettighetshavar»*

a) Administrasjonen ser at ordlyden er annleis enn nasjonal lov. Lokal forskrift visar til reindrift som er i tråd med hundelova §9 første ledd bokstav a, men ikkje ordrett etter same paragraf bokstav b. Administrasjonen spørsmål om kommunen har anledning til å nytte §9 første ledd bokstav a i eigen forskrift og kan fjerne denne (hund nytta til reindrift). Nasjonal lov viser til vokting av storfe, sau og geit, men lokal forskrift har gjeting og sanking av bufe på beite. Lokal forskrift byggjer derfor også på hundelova §9 første ledd bokstav e, der ein kan slippe hund når det er naturleg ut frå særlege bruksformål. Ein vil då kunne nytte gjetarhundar under sanking av bufe på beite i lokal forskrift med heimel i hundeloven §9 første ledd bokstav e, samstundes har ein direkte heimel i hundeloven §9 første ledd bokstav a og b for resterande.

b) Her baserar kommunen seg på hundelova §9 første ledd bokstav c. Kommunen ser at ein utelet tollhundar. Ein er heller ikkje klar på heimelsgrunnlaget kommunen har for å regulere bruk av hund etter hundelova §9 første ledd bokstav c i trening eller prøving for slik teneste i lokal forskrift. Denne bestemmelsen kan fjernast.

c) Lokal forskrift stramma inn dato som er satt etter hundelova §9 første ledd bokstav f. Nasjonal lov seier mellom 20. august og 1. april. Lokal forskrift seier frå 21. august og nyttar heller ingen sluttdato. Ein kan dermed tolke lokal forskrift slik at ein berre kan nytte hund frå 21. august til 31. desember same år. Administrasjonen stiller spørsmål om kommunen har anledning til å stramme inn §9 første ledd bokstav f i eigen forskrift. Ein bør derfor knytte vilttaksering til særlege bruksformål eller hundar

med særskilt trening som ein kan ha heimel i gjennom hundelova § 9 bokstav e. Ein vil uansett ha direkte heimel i hundeloven § 9 fyrste ledd bokstav f for jakt, jakthundtrening og jaktprøver mellom 20. august og 1. april.

d) Denne bestemmelsen er ei samling frå hundeloven § 9 fyrste ledd bokstav b, c og f. Denne bestemmelsen kan endrast. Ein bør knytte gjetarhundar til særlege bruksformål som ein kan ha heimel i gjennom hundelova § 9 bokstav e. Ein vil ha direkte heimel i hundeloven § 9 fyrste ledd bokstav d og f for ettersøk og jakthundtrening.

Siste ledd i lokal forskrift § 5 er ein bestemmelse frå hundeloven § 8 og ein kan eventuelt endre denne til ei henvisning til § 8 i hundeloven der ein omtalar jakthundtrening, jakthundprøver og dressur.

Forslag til endring:

#### **«§ 4. Unntak**

*Saman med unntaka beskreve i hundeloven § 9 vil reglane i § 3 i denne forskrifta ikkje gjelde for:*

*a. dresserte gjetarhundar under sanking av bufe på beite*

*b. gjetarhundar som frå 21. august vert nytta under lovleg trening og gjetarhundprøver, og vert fylgd på forsvarleg måte av eigar eller brukar*

*c. godkjente jakthundar som frå 21. august vert nytta under vilttaksering, og vert fylgd på forsvarleg måte av eigar eller brukar*

*Punkt b) og c) føreset samtykke frå grunneigar/rettighetshavar jamfør hundeloven § 8.»*

Dagens § 6:

#### **«§ 6. Ro og orden**

*Hundehaldar pliktar straks å fjerna ekskrement som hund let etter seg på offentleg stad. Med offentleg stad meiner ein stader som er mynta på allmenn ferdsle.*

*Hundehaldar pliktar å syte for at alminneleg ro og orden vert ivareteke.*

*Hunden skal til dømes ikkje uroa nokon ved vedvarande gøyning eller liknande.»*

Lokal forskrift § 6 er heimla i hundeloven § 11. Her kan administrasjonen ikkje sjå at lokal forskrift strider mot nasjonal lov, men ein kan binde saman andre og tredje ledd, slik at ein blir meir lettfatteleg.

Forslag til endring:

#### **«§ 5. Ro og orden**

*Hundehaldar pliktar straks å fjerna ekskrement som hund let etter seg på offentleg stad. Med offentleg stad meiner ein stader som er mynta på allmenn ferdsle.*

*Hundehaldar pliktar å syte for at alminneleg ro og orden vert ivareteke, med dette meines at hunden til dømes ikkje uroa nokon ved vedvarande gøyning eller liknande.»*

Dagens § 7:

**«§ 7. Tal hundar i ei hushaldning eller på ein eigedom**

*Dersom ein skal halda tre eller fleire vaksne hundar på ein eigedom eller i ei hushaldning, må liggje- eller lufteplassar vera tilpassa hunderasar og tal hundar.*

*Liggje- og eller lufteplassar skal vera utforma og plasserte slik at hundane ikkje vert til unødig sjenanse for naboar eller bruk av tilgrensa område.»*

Paragrafens fyrste ledd er heimla i hundeloven § 12 og administrasjonen ser det ikkje naudsynt å fjerne denne setninga. Det kan vera vesentleg meir krevjande for hundeeigar, både med tanke på adferd til hundane, men også i samband med ro og orden å halde tre hundar samanlikna med to eller ein hund på ein eigedom. Administrasjonen meiner derfor det er innanfor hundeloven § 12 å presisere dette i lokal forskrift. §7 andre ledd i lokal forskrift er derimot noko upresis samanlikna med intensjonane i hundeloven §§ 11 og/eller 12. Administrasjonen vurderar «Liggje- og eller lufteplassar skal vera utforma og plasserte slik at hundane ikkje vert til unødig sjenanse for naboar eller bruk av tilgrensa område» som meint med tanke på ro og orden, slik at menneske ikkje forstyrrar hundane eller hundane forstyrrar menneske. Ein ser ikkje at «utforma og plassert slik at hundane ikkje vert til unødig sjenanse» er i henhold til § 11 og er lite presis for å kunne hei mle den i hundeloven § 12 uan å skape for stor skjønnsrom. Her bør ein eventuelt etterstrebe hundelovens ordlyd «forsvarlig innestengt eller inngjerdet». Plassering og utforming av hundegarder til sjenanse kan eventuelt bli ein byggesak. Med hensyn til ro og orden er dette allereie i stor grad omtala i hundelova, samt dagens lokale forskrift §§ 3 og 6 som vidareførast og ein kan dermed fjerne andre ledd i lokal forskrift. Ein vil samstundes ha bestemmelsar lov om dyrevelferd som sett vilkår for hold av dyr.

Ot.prp.nr.48 (2002-2003):

«På bakgrunn av høringsuttalelsene går departementet inn for at kommunene bør kunne gi forskrift om nærme vilkår for at noen skal kunne holde mer enn et bestemt *antall vaksne hunder i en husholdning eller på en eiendom*. Kommunen bør også kunne settes en grense for hvor mange voksne hunder som kan holdes, jf utk. § 12. Departementet legger til grunn at det alltid vil kreve atskillig mer å holde et større antall hunder enn å ha en hund eller to. Så vidt departementet forstå r, er det naturlig og påreknelig at hunder i flokk – i alle fall fra fire hunder og opp – kan utvikle en atferd som skiller seg fra hunder som holdes enkeltvis i en familie. Dette – ikke bare det større antall hunder – kan gjøre hundeholdet mer krevende enn vanlig hold av en hund eller to i en familie. Det er også observert at hold av større antall hunder har gitt konflikter og problemer i nabolag som myndighetene kan ha hatt vanskelig for å håndtere på en praktisk måte. Forskriftshjemmelen i utk. § 12 og presiseringen av politiets generalfullmakt, jf utk. § 17 og punkt 11 nedenfor, vil gi virkemidler mot problemer ved hundehold med mange hunder. Regler om antall hunder bør kunne bli satt både ut fra sikkerhetshensyn og ut fra hensynet til ro og orden.»

Forslag til endring:

**«§ 6. Tal hundar i ei hushaldning eller på ein eigedom**

*Dersom ein skal halda tre eller fleire vaksne hundar på ein eigedom eller i ei hushaldning, må liggje- eller lufteplassar vera tilpassa hunderasar og tal hundar.»*

Dagens § 8:



### **«§ 8. Dispensasjon**

*Kommunen kan dispensera frå denne forskrifta og føresegner i hundelova § 4, § 6 og § 7.»*

Vanleg praksis i kommunen er dispensasjon frå bandtvang i samband med taksering av rypebestanden i ulike områder i kommunen. Her vil ein vurdere lovverket og nytteverdien av laus hund opp mot ulempene dette medfører i kvar enkelt søknad og tilfelle. I samtale med statsforvaltaren den 05.08.2021 kjem det fram at kommunen ikkje har anledning til å dispensere frå hundelova, men berre eigen paragraf.

Forslag til endring:

### **«§ 7. Dispensasjon**

*Kommunen kan dispensera frå denne forskrifta.»*

Dagens § 9:

### **«§ 9. Anna lovverk**

*Hundeeigar pliktar å gjera seg kjend med anna lovverk knytt til hund.»*

Denne paragrafen er ein påminning om at denne forskrifta ikkje er det ei naste som gjeld for hundeeigar. Denne paragrafen kan fjernast.

Dagens § 10:

### **«§ 10. Sanksjonar og straff**

*Brot på denne forskrifta kan straffast.»*

Denne paragrafen er upresis og bør som minimum innehalde ein henvisning til hundeloven § 28. Samstundes ser ein ikkje behovet for ein slik påminning i lokal forskrift og kan fjernast.

### **Framlegg til vedtak:**

Ny forskrift om hundehald «Forskrift om hald av og bandtvang for hund, Vang kommune, Innlandet» blir sendt på høyring i tråd med forvaltningslova § 37.

Høyringsfrist er seks veker.

Hovudutval for utvikling 05.10.2021:

### **Behandling:**

Framlegg til vedtak med fylgjande tillegg, foreslått av Marita Østborg, Miljøpartiet Dei Grøne  
Brot på denne forskrifta kan straffast etter Hundelova §28.

Avstemming for Østborg sitt forslag: : 2 stemte for, 5 stemte imot.

HU- 079/21 **Vedtak:**

Ny forskrift om hundehald «Forskrift om hald av og bandtvang for hund, Vang kommune, Innlandet» blir sendt på høyring i tråd med forvaltningslova § 37.

Høyringsfrist er seks veker.